

Nordisk Bøktjeneste, boks 78, 0905 Grorud

TRYGVE ENGEN

bland- korn

Nokre dikt
frå eit langt liv

Forlagt av
NORDISK
BOKTJENESTE



118408

*Forfatteren Trygve Engen
er også kjent under pseudo-
nymet "Tore Elg".*

*Omslag/vignetter og layout ved
Arne Olav Heiberg*



Ervebrev

Lite eig eg av gods og gull -,
men slikt blir så lett forderva!
Av blandkorn har eg ein pose full -,
så mykje de vil får de erva.

Der gullet blir lagt, ligg det pent i ro -,
det kan ein få pungen full av.
Men kornet kan svelle ut og gro
og bli til eit glitrande gullhav.

Av kornet kan ein få tretti fold,
men gullet blenkjer og dårar.
Og tankar er korn som drys i mold,
som lever og veks og bårar!


Av gods og gull har eg lite, born.
Men slikt blir så lett forderva.
Her får de ein neve med tankekorn.
Så mykje de vil, får de erva.

Einsleg Ulv

Ein liten ulveunge måtte yle
som alle andre ulvar i vår skog.
For om han etter hugen vilde hyle,
så fekk han glefs og hogg -, og flokken drog!

Men ungen vart då vaksen varg omsider.
I ulvesinnet let ein annan song,
ein tone og eit stev frå opphavs tider -,
eit uttrykk for hans inste, løynde trong,
ein lengtingslåt om vår i vargehjarte,
om lys og lette i det vintersvarte.

Han kunde ikkje yle som dei andre,
men kved sitt kvad i heia no og då.
Som einsleg ulv han må i verda vandre,
- og einsleg vade over Gnitarå.



Såmannen

Ein såmann går ut i ein fager vår,
- småfuglane syng i lundar.
Han strøyer ut sædet så langt han når,
- og sola stig over åsar.

Det fell langsmed vegen slik då og då -,
dei lette små fuglar tek det.
Men såmannen sveittar og skundar på,
for sola stiger og stiger.

Det fell mellom klunger og vidjekjerr,
blandt symrer og bekkeblomar,
og noko på aurhella, skrin og tørr -,
den heite solbranden øyder.

Den såmannen stødt gjennom verda går,
blandt fuglar og folk som talar.
Han fylgjer sitt kall, han sår og sår,
når sola tek til å falle.

Han strøyer og sår av sitt hjartegull
frå morgonen av, til kvelden.
Den såmannshanda er alltid full.
- Men sola nærmar seg fjellet.

Gjev noko må falle i grønnæm jord!
Dei kvitrande fuglane tagnar.
Lat såmannen drøyme om fager gror,
når sol er gått ned attom åsar.

Først var ånd

Først var ånd, og ånd vart ord.
 Ånd skapte grev til hogg i jord.
 Ånd skapte øks til mannehand,
 som vern mot farleg fiendsmann -,
 men og til fredsam hogst i skog,
 til nov å hogge, hus å bygge
 for kvinneyrke, heimehygge,
 - for born som gret og log!

Og harde hand med øks og grev
 skreiv ætta sine fridomsbrev
 i gule åkrar, grøne eng,
 i runerit og blomeseng.
 Dei skreiv i tre og stein og jord,
 dei skapte skaldekvad og ord -,
 ånd skapte penn og plog!

Kva er då størst?
 Av røysa ved ei åkerrein
 og runerit på bautastein?
 Av song og stev og skaldeord -,
 og gard på ættejord?

Jau, Ånd var først!
 Ånd skapte alt, frå øks og grev
 til båt og fly og skøytebrev,
 frå veidebu til kongesal,
 frå hov til katedral.



Tro

Tre bokstaver gir deg vingen
 som bærer mot seier og hell.
 De danner den trylleringen
 som flytter det største fjell.

Rundt jorda et skylag henger .
 med mørke og snø og sludd.
 Men gjennom det hele trenger
 et strålende solskinnsbud.

Om tvilen vil hjertet tære
 og trekke deg bare ned -,
 - og de tre skal deg fremad bære,
 for de gir en verden fred.

Bekjennelse og bønn

En tre-enig gud jeg tror på!
 Det er Jorden, vår felles mor,
 og Folket, som bygger og bor på
 den samme Mor Norges jord.

Men over det hele hvelver
 seg troen på Allheims Gud.
 For Allfaders rost jeg skjelver,
 og bøyer meg for hans bud.

Den tro vil jeg aldri miste
 hva enn der i verden skjer.
 Når jeg starter på reisen, siste,
 jeg bøyer meg ned og ber!

Måske vil jeg enda beve,
 - men ikke i tvil og frykt.
 For Gud og mitt folk skal leve,
 - jeg sover i jorden trygt.

Høna og eggene

Hun går der med hodet på skakke,
og ser seg så vart omkring.
Hun rusler oppover en bakke,
og later som ingen ting.

Hun har noe rart opp i moen -,
en kjempestor hemmelighet!
Men det sier hun ikke til noen -,
det er bare hun som vet!

Bort under no'n tette einer,
ved en lutende, gammel hegg
med sprikende, tørre greiner
- der ligger en masse egg!

De er gullende kvite og pene
og riktig så for-seg-gjort.
Især er hun stolt av det ene -,
for det er så svært og stort!

Det må bli en dugelig hane!
Hun svulmer av stolthet alt.
Det har høner ofte for vane,
- og det er jo ikke no' galt.

Nå er det da kommet en skare
av gule, små hønsebarn.
Og i reiret ligger det bare
en dunge med skall og skarn.

Men mellom det andre rasket
der ligger ennå et egg.
Det ligger der, skjemt og sjasket
og glemt, bortunder en hegg.

Det lukter så vondt og vammelt,
skjønt det er både pent og stort
og slett ikke særlig gammelt -,
men livløst, som annen lort.

Det ble ikke noe mere
enn et stinkende, råttent egg,
som glemmes, lik mange flere,
ved ei lutende, gammel hegg.


Ber du om våpen?

Ber du om våpen for retten å verje?
Ræddast du han som ranar og stel?
Ottast du nokon vil hagen din herje?
Skjelv du for han som slær kroppen i hel?

Ser du med misstru og hat på din granne -,
hyser du den, som rakkar han ned?
Triv du til løgn for å verne det sanne?
Grip du til urett i striden for fred?

Sjå deg då om!

Sjå litt på han som vandrar attved deg!
Er ikkje foten litt vanskapt og grov?
Ber du om våpen? Ver viss, du har med deg
karen som ruslar ikring med ein hov!



Vi ser eit andlet, vi høyrer ei røyst,
men kan ikkje granske nyrer.
Til hjarta kan vi 'kje bere trøyst,
- det kan berre han som styrer.
Vi høyrer eit ord, som vi svarar på,
men lite er det vi kan forstå.

Vi ser og kjenner ein vaksen mann
med styrke i andletsdraga.
Vi kjenner eit trykk av ei grovlagd hand,
- men høyrer 'kje hjarteslaga.
Ein dag kan vi øygne ein liten smil,
ein annan ei tåre -, og kjem i tvil.

Kven veit vel kor mykje vår neste leid
der einsleg han gjekk og trødde?
Kven veit vel kor hardt med seg sjølv han streid
- kven visste kor hjarta blødde?
Vi såg kor det gjekk, og vi dømmer hans gjerd,
men lite vi veit om hans våpenferd.

Vi priser mannen som sigra stort,
og viser til verket han skapte.
Men kven kan vite kva *han* har gjort,
den andre, som streid og tapte?
Han slo vel eit like så mannsleg slag,
for det om det enda med nederlag?

— — — — —
Du stridsmann som tapte i livsens slag -,
skal tru om det var ditt siste?
Kan hende gryr det for deg ein dag
då sigersruner er riste?
Kan hende at slaget, på valen tapt,
har storverk i sjelenes løynrom skapt?

Røys ved vegen

Ved timilsrøysa står vi no i dag.
Vi minnest sår vi fekk i harde slag.
Vi minnest næter mellom tru og tvil -,
men også sol og song og barnesmil!

Vi går og går i ukjend grenseland.
Vi snåvar og sig saman, mann for mann.
Ein dag vi kjem til grensa, som er vår -,
og legg oss ned ved røysa der vi står.

Ei støtte stod det kanskje "femti" på.
Om litt så er det "seksti" vi får sjå.
Og framfor skimtar vi, langs berg og dal,
ein rad med sytti, åtti, hundretal.

Kva vil dei neste miler gi av smil,
av hogg og slag og kamp og tvil?
Kor mange røyser skal vi enno nå,
før tid og rom flyt saman i eit blå?



Gamal manns bøn

Eg ber ikkje om å få leve -.
Eg ber berre om å få
ein glimt av Allfaders himmel,
om enn mellom skyer grå.

Herleg var det å stride
med hjelmen og brynja på!
Sælt må det vera å kvile,
- og Allheimens under sjå.

Vedunderleg var det å leve
i arbeid og elsk og trå!
Sælt må det bli å få sove
blandt blomar og grøne strå!


Så ber eg ei om å få leve!
Eg ber berre om å få gå
og rusle ute i hagen
til eg høyrer Guds klokke slå!

Ungdom

Ungdoms år -, livet sin vår,
vaknande voner om nye tider,
sprettande lauv i skog og lier,
brånande snø og bekkesull,
fuglar kvitrande, sollys glitrande,
- dalar fulle av blomegull.

Ungdoms eld -, skinande fjell,
høgreiste, langt bortom berg og blåne,
austanfor sol og vestanfor måne,
snøkrynte, lauga i luft så linn.
Logar dansande, skyer kransande
toppar og tind i solfarvind.

Ungdoms draum! Surlande straum,
skogsus i tidlege morgonstunder,
elver mullande langs innunder,
havbårer skvatlande seint om kveld.
Ungdom drøymande -, sevje strøymande,
småregn som fell -, tonar i fjell!



Det stormar og blæs

Med spenn og med sprett fer stormen fram,
legg snøen i fonner kring tun og tram.
Det yler i novene, brakar i tre.
I age og otte fell skapningen ned.

Kva er du for ein, du som slik fer fram -,
du beinlause bror utan hud og ham?
Kva jagar du etter kring vidd og vang?
Kvi fer du slik stormande vegen lang?

“Mitt namn det er Namnlaus frå Villanveg.
Sjå på deg sjøl, og du kjenner meg.

Som du fer eg fram utan mål og med,
og vanvyrder alt som er nær attved.

For slik er vi skapt, som har vandrarhått:
Det som er nær, vert så smått, så smått!
Vi elsker det fagre vi ei kan få,
og vrakar det nære vi kunde nå.”

Eg helsar deg, Namnlaus frå Villanveg!
Eg ser på meg sjøl, og eg kjenner deg.
Som eg har du elska og ikkje nått -,
og vraka det som var like godt.

Med spel og med dans fer stormen fram,
legg snøen i fonner kring tun og tram.
- Men saman med springaren, kvikk og kåt,
kling det ein tone av stille gråt.

No vil eg synge ein liten song
til deg, du skog!
For du har sunge så mang ein gong,
du kjære skog!

Som barn eg hoppa og sprang så glad
til deg, du skog.
Og du tok mot meg med dine kvad,
du gamle skog.


Du song om alt det som krek og kryr
hos deg, du skog.
i haug og heier, i mark og myr,
- du vide skog.

Min glade leik song du viser til,
du gamle skog.
Og enno, veit eg, du syngje vil,
du kjære skog.

For alle tonar til livsens kvad,
dei kan du, skog,
kan både gråte og vere glad,
du djupe skog.

Og tralla du mang ein lystig lund
til meg, du skog.
så har du salmar ei alvårstund,
du mørke skog.

Eg etlar denne min vesle song,
til deg, du skog,
- for du har sunge så man ein gong,
du kjære skog.



Smil gjennom tårer

Snøtunge skyer sigler på himelen,
ausar or seg alt sitt innhald.
Sukkande bjørkene bognar og brotnar.

Skyene skilst åt, seint og sigande.
Bakom blånar det bleikt av himelen,
kveikjer på nytt kjøvde voner.

Stiger då sol bak snøtunge skyer,
vermer ein vinter med vårbod vene.
Skogane andar djupt og undrast.

Leikar i sky så løynsk ein loge.
Radt det syner seg raude render,
bivrar og brenn i fargebragder.

Tinar då snøen til tunge tårer,
droplar og dryp som sveittedropar.
Granene gret over brotne greiner.

Skoddkåpa atter sveiper seg saman,
underleg dimt brenn strålane dække,
brytest og bivrar, døyr og vert borte.

Smil gjennom tårer -,
finst det noko fagrare?




Jonsoknatt

Det syng og sullar i kvart eit tre,
i skogen.
Det lær og skrattar, det græt og bed,
i skogen.
Det er jonsoknatt.

Kvart liv som lever stig fram og kved,
i skogen.
Sjolv jord og stein har ein tone med
- i skogen.
Det er jonsoknatt.

Og fjorden smiler i ro og fred
- mot skogen.
Og lys og skuggar han leikar med
i spegel-skogen!

Dei trauste fjella står vakt attved -
kring skogen.
I lette skyer sig sola ned
bak skogen.
Det er jonsoknatt.



Vår i Alberthaugen (Til ei jente)

Himelen skyfri og fjorden blank.
Hugen reika på videvank.
Full av sevje var kvar ein knupp.
I Alberthaugen skaut symrene opp.

Dei symrene, ja, dei var så små,
så kvite, så kravlause til å sjå.
Og gjekk vi framom dei -, det hende tidt -,
så nikka dei små og smilte litt.

Det smilet, det kunde nok alle sjå.
Men gret dei? Det ansa nok ingen på.
For dei som vart såra då foten trødde,
dei bøygde seg sukkande ned - og blødde.

Skal tru om vi trødde symrer ned?
Dei symrene skulde fått stå i fred!
Skal tru om symrer for mi skyld blødde?
Då lyt eg angre dei steg eg trødde.

Av mold

Det var i vår, ein maikveld
 med lysgrøn gror kring tun og voll,
 med vårfrisk song frå fjord og fjell -,
 her gjekk ein mann med krokut rygg
 og gråsprengt hår, og sådde bygg
 i svarte mold.

Og bygget vaks og tøygde seg
 av jorda opp, først fin og små,
 til han som frukttungt, moge strå
 i vind og solskinn bøygde seg,
 og reiste sine mange fold
 av svarte mold.

Og mannen rette opp sin rygg
 og blotta audmjukt håra grå:
 "Ha takk då, Gud, for moge bygg,
 og for alt godt du let meg få
 ut av di miskunn mange fold -,
 av svarte mold.

*Den gamle elgen*

Det ruggar ein elg nord i skogen
 med lange og tunge steg.
 Eit gamalt ær over bogen -,
 Han vandrar sin eigen veg.

Han går over fjell og flyer,
 langs elver og bekkefar.
 Han stoggar ei stund og lyer,
 og verar så vak og var.

Ung har han ein gong vore,
 og elska med vårvarm gir.
 Ein haustdag var han i fåre.
 No ber han alt mange spir.

Trea vart sevjetunge
 og lauvast vår etter vår.
 Og vind og vatn har sunge
 i kring han dei lange år.

Men inn over skogen dreg det
 ein klang utav hamarslag.
 Og langt inn i åsen gneg det
 ein låt som frå rustne drag.

Då løfter han mulen og snusar -,
 og dreg seg alt lenger inn,
 der det enno er skog som susar,
 og song utav vatn og vind.



Noregs jord

Sjå det svartnar av skog og det blånar av fjell,
sjå det glitrar av tusenårs snø!
Sjå det raudnar i skyer mot morgon og kveld,
sjå det grønkar og gror over bø!

Høyr det bårar og bryt over bårar og skjer
kring om holmane nakne og grå!
Her er fredsæle sund, her er verharde vær -,
her er toppar som himlen kan nå.

Her er bygder, der elva i rolege drag
smyg seg stilt fram om grender og gard.
Her er fossar som fyk i det villaste jag
gjennom stupbratte skorer og skard.

Det er Noreg du ser. Når det stundar mot vår,
når det angar og eimar av jord,
når det gronest på vangen og lerkene slår,
er det Noreg som spirer og gror.

Og når kåpa ligg kvit over kollar og skard,
når det yler med ofse og harm -,
djupt innunder den yta så isande hard -
andar Noreg sin bylgjande barm.

Her har ætta vår levd gjennom dagar og år.
Dei har slite med saknad og sut.
Gjennom krig, gjennom fred, gjennom vinter og vår,
- og her stridde og fall dei til slut.

Ver då trugen mot Noreg si heilage jord -,
ho er vigsla med sveitte og blod!
Lat oss vyrdsla vår gard, lat oss gjera han stor -,
då skal landet vårt æveleg gro!

Korleis skal eg døy?

Det vissaste av all ting er at ein gong må vi døy.
Ifrå jorda er vi komne, og skal visne liksom høy.

Av jorda er eg komen, og til jorda skal eg gå.
Men kva blir så det siste som auga mitt får sjå?

Skal tru om eg må ligge i ei seng att å bak
og stire mot eit kvitmåla sjukehusak?

Og berre sjå framfor meg eit landskap utan liv,
- eit bilete av ein himel utan djup og perspektiv?

Nei! Heller vil eg stride i eit skjel av ein båt,
gå til grunne som ein mann mellom brenning og
brot!

Men helst så vil eg legge meg til rette ved ei rot
med ein mosedott til pute og lyng om min fot.

Ei kveldstund i september vil eg stillsleg sovne av.
Og ei bjørk skal stå og suse og synge ved mi grav.





Åreld

Midt inn i mørke skogen
har reist seg eit nybygd hus.
Det sullar og syng kring stova
av vatn og villmarkssus.

No stig det ei blå-grå strime
av røyk frå ein åreld.
Han dreg som ei dimma over,
og driv imot fly og fjell.

Ein altar er bygd der inne.
Det ofrast for første gong.
I kveldstilla skin ein kjerte.
Mot dag lyder kvinnesong.

Og elden er tendt av Oddmund.
Skal nørest kvar dag på ny.
Med bøn om vokster og signing
stig røyken så høgt mot sky.

Ho song, ho mor

Ho song, ho mor. Så høgt og klårt
det ljoma over tun og gard.
Men under det ein tone var
som bivra sårt.

Og tonen smaug seg ut og inn
foruten veg og fotefar,
og kviskra om eit barn ho bar
på armen sin.

Slik song ho mor så mang ein gong,
ved dag og kveld og morgonstund,
og sulla sonen sin i blund
med voggesong.

Ho song han ut til dåd og dygd,
og inn til herleg draum og dikt.
Og hjartet hans vart tonen likt
i gråt og frygd.

Den tonen lyder vidt om verd.
Han smyg seg linn og lett og var
i hugen til det barn ho bar -,
gjev atterljom og ekkosvar
på ætters endelaue ferd.



Eg såg far min døy

Eg såg far min døy.
 Eg stod andlet til andlet med den store majestet,
 Han, som er mektig og myndig og mild,
 som rir gjennom rømda i strålande skrud -,
 Gud!

Eg såg far min døy.
 Livet brann ut og slokna som ei glo -,
 ei mørkande, kolnande, døyande glo,
 som lyste ei stund etter logen var gått ut,
 Slut!

Eg såg far min døy.
 Han var med i fylgjet til den store som drog.
 Det var mange i flokken frå før -,
 der var farfar og farfars far -, dei vinka
 og sa kom, kom!

Det vara ein blink.
 Majesteten og hans menn drog om garden her i natt.
 Ein gong kjem fylgjet tilbake -,
 og då står far der og vinkar: Kom,
 kom!

Han ropar på meg.
 Og då er det eg som bryt opp og dreg ut
 med fylgjet til Han som er mektig og mild.
 Ei slokande glo, for dem som står attved.
 Fred!



Handtrykket

I morgons eg låg og drøymde.
 Ei hand vart lagt i mi.
 Dei fingrane mun eg kjenne -,
 det var ikkje meir enn tri.

Eg såg ikkje andletsdraga,
 men visste det var ein mann.
 Og trykket var fast og godt av
 ei velsliten arbeidshand.

Ho var både hard og trælut
 og sår utav livsens strid.
 Men endå så mild og kjærleg -,
 ho la seg så traust i mi.

Han gav ikkje ljod ifrå seg,
 og eg ikkje ord til svar.
 Men endå eg kjente han sikkert -,
 eg visste det var han far!

Å ta meg i handa og leid meg!
 Eg veit verken inn eller ut!
 I dag, som for lenge sidan,
 er eg berre ein liten gut!

Di lykke lyt du smi

Make kan du finne deg. Høgder kan du nå.
 Vener kan du vinne deg, Syner kan du sjå.
 Penger kan du tene -,
 eller stele! - eller få!
 Lærdom kan du sanke.
 Namnspurd kan du bli.
 Vide kan du vanke - -,

men

di lykke lyt du smi!

Smi henne sjøl gjennom dagar og kveldar,
 hamre og herde ved skiftande eldar -,
 då først blir ho di!

Verne då jamet i kjærleiks bål,
 og smi di lykke av rustfritt stål!



Du og eg

Du er vatnet, og eg er elden.
 Eg er raud og heit,
 du er svalande blå.
 Du tek himlen i fanget,
 dreg han inn i famnen og kysser han.
 Eg prøver nå han,
 stormar mot høgda,
 tøyer meg i lengt
 til eg kolnar og går ut.
 Eg når ikkje stjernene,
 - men sender ein dryss
 av sloknande små stjerner
 mot vatnet - og deg.

Ved kveld skal vi møtest
 i ein strålande soleld
 over voggande vatn,
 då du tek elden i famn,
 og eg skal slokne
 i bylgjene.

Du er diktet i mitt liv

Til deg skreiv eg aldri eit dikt
den gongen vi begge var unge.
Eg fekk ikkje tid -,
måtte sanke kvister til reiret
og tette det med leir.

Men diktet var i mitt sinn.
Det levde og var der
i alle år.

Det var ein kveld i august
du flytte inn i mitt hjarte.
Du har budd der sidan.
Om vi av og til måtte skiljast,
var du likevel nær,

nær ved dag og ved natt,
ein levande barm som anda
i takt med min eigen.

Åra har slite oss grå.
Vi er ikkje lenger unge,
og reiret er tomt.
Då bivrar tonen i sjæla,
og diktet tek form.

Ein sterk og levande rytme
bårar i alle rader.
Du er diktet i mitt liv.

*Minnebok til Vesla*

Når du sliten av stormen på livsens hav
sig inn under alders strender,
der bårene brytest og stilnar av -,
då veit eg for visst, det hender
du syng for deg sjøl dine ungdomskvad,
og græt over gulnande minneblad.

Og bladet vil verte eit vengepar
som ber deg til barneheimen.
Då møtest du atter med mor og far
som draumsyn i skoddeheimen.
Men korleis -? Å, korleis vil møtet bli?
Ja, koss vil du sjå på meg, gjenta mi?

Vil du sjå meg i småregn og vårdagssol,
når eg strøyer og sår på garden?
Vil du sjå meg i farfar sin kubbestol,
som den myndige, strenge faren?
Vil du skoda meg kampglad, når herpil går,
- eller riven av striden, og mødd og sår?

Nei, helst vil du sjå meg ein vinterkveld,
når mor di held deg ved armen -,
når alle er samla om åreld,
og songen bryt veg or barmen.
Då tinar telen, og blommar gror
i småregn og sol over hjartejord.

Når bårene brytest og stilnar av -,
då veit eg det visst, du vender
i draumsyn høgt over stormfullt hav
tilbake til heimegrender.
- Men vengen, som ber deg så vidt av stad,
er gulna og bleik, som eit folna blad.

Ein morgon tidleg -

Ein morgon tidleg
 låg han og dorma / i sin halvdel
 av den breie / dobbeltsenga.
 Ikkje fullvaken, / sov ikkje heller.
 Vart var ei hand / og ein berr arm
 som leita i halvsømne,
 - fann den berre overkroppen
 hans,
 smøygde seg rundt han,
 - og sov atter fast.

Han mintest det i mange år
 etterpå.

Første møtet

Vesla skvatt! Sa, utan ord:
 "Morsk mann -, med skjeggstubb?
 Mamma!"

Mamma smilte:
 "Han byssa meg
 då eg var lita
 og hadde mageverk.
 La meg over aksla
 og bar meg att og fram.
 Var komen heim frå skogen,
 og eg sovna i angen
 av granbar og kvæ.
 - Du får helse på morfar!"

Og Vesla retta armane ut
 mot den morske gubben.

Smerte


Smerten - den store -, når kjendte eg den?
 Den gongen eg misste min beste venn?
 Eller då draumslottet rasa saman,
 og eg stod att der, fatig og framand?

Eller ein gong eg streid med eit dikt,
 men ikkje fann ord for å tolke slikt?
 Då eg leita og grov, vart modlaus og sliten,
 men til slut måtte sjå at eg sjøl var for liten?

Det var vondt. Det var bittert då draumane svann,
 då venen var borte og sorga brann!
 Eg stod bak eit stengsle,
 fann ikkje ord for mi inste lengsle,
 og kjendte meg bunden med løynde band!

Men venen vandrar då ut og inn
 på vante vegar i hug og sinn?
 Og slottet, som bygde seg opp av luft -,
 det reiser seg, kanskje, på tryggare tuft?

Og *diktet* - det ufødde -, skin som ein kjerte!
 Det vermer, når verda vil slite og slå meg!
 Men *sloknar* den logen, då skrik eg i smerte:
 Min Gud, min Gud, kvifor gjekk du ifrå meg?



Mørketid

Næter mørke og dagar grå.
 Toppar og tinder tek snøkåpa på.
 Skoddeflak driv for nordanvind.
 - Kaldsno herjar i mennesinn.

Sola sig bakom hav og hei.
 Skuggane sigler den lange lei.
 Mørket kjem bublande opp frå Hel.
 - Flatet spirer i mennesjel.

Sannings luter er lågt i pris.
 Menneskehjarta kaldt som is.
 Tjukk ligg tåka for kvart eit steg.
 - Løgn er yrke og leveveg.

Likevel vil vi alltid tru:
 Midvinters kjem det eit solarsnu!
 Verda blir forst for alvår arm
 når mørket sigrar i *mannebarm*.

1. Domen

Opp i åsen ved byen Sodoma
 kom gåande fire menn,
 den vegen dei helst pla koma,
 dei som gjekk gjennom Jordan grend.

Dei stana på høgste kollen
 og såg på den vakre stad.
 Der før det var vide vollen,
 låg no huse i rad på rad.

No høyrde dei gatelarmen
 som steig frå den store by.
 Over taka i middagsvarmen
 det la seg ei gråblå sky.

Der takka dei to for laget
 og gav seg på vegen radt.
 Men oppe på høgdedraget
 vart dei andre to ståande att.

Den eine var bjart og blå-øygd,
 og sterk, som ein hovding å sjå.
 Den andre var noko frampå-bøygd,
 og tok til å verta grå.

Og hovdingen tok til orde -,
 han stod der så tankefull:
 "Kva er vel det glimande, store,
 kva gagnar vel gods og gull?"

Eg vil ikkje lenger løyne
 kva dom denne byen har fått.
 Ja, hardt vil han snart få røyne
 kva det er å ha Gud til spott.

Dei heilage livsens lover,
 som eg gav i det første gry,
 har dei sett seg så heilt ut over
 i denne syndige by.

Dei har makk-etne hjarterøter,
 dei store, Sodomas menn.
 Slikt er det 'kje verd eg bøter,
 det er best det bryt saman og brenn

Dei veit ikkje lenger verdet
 av ætta sin odelsrett.
 Dei vil ikkje bere sverdet
 til vern for heim og ætt.

Dei vil ikkje lenger streve
 med sveitte for viv og born,
 men trur dei kan glade leve
 på federnes sedekorn.

Og dei vanvyrder kvinneæra,
 - dei drep det kim som gror.
 Til lyst trur dei livet skal vera
 - og derfor er synda stor!

Dei spelar og syng og dansar,
 og gleda er stor -, ja, høyr!
 Men om rett du det ser og sansar,
 er det skrik frå eit folk som døyr!

Og derfor må dauden koma:
 Dei har synda mot livsens lov.
 Ja, øydast skal du, Sodoma!
 Du har vanhelga sjøl ditt hov!"

2. Abraham bed

Den andre stod og hørde på
at domen slik vart sagt.
No steig han fram og tala så:
"Vel er eg mold og oske grå,
og skulde berre tagd -,

men. Herre over alle land,
som styrer alt så vel,
sei, vil du med di hemnarhand
ein rettfærds- og ein illgjerdsmann
til saman slå ihel?

Enn om det i ein stad så stor
kan finnast femti mann
som enno odlar på di jord
i kjærleik til sin Gud og bror
og truskap mot sitt land?"

"Dersom eg i Sodoma grend,
blandt denne ville ætt,
kan finne femti rettfærdsmenn,
som rein av hjarta finnast enn,
skal nåde gå for rett."

"Men, Herre, høyr meg litt endå -,
vil du ei gjeve tol,
om av dei femti du fekk sjå
at det var fem som var for små
for dine guddomsmål?"

"Jau, Abraham, det lovar eg
på domens tunge dag.
Om firtifem dei nemner meg,
som går sin trugne tenarveg,
min lovnad står ved lag."

Men Abraham var ikkje glad -,
var ramma enno vid? -
og derfor heldt han fram, og bad
om nåde for Sodoma stad
heilt til han kom til ti!

Og Herren mælte, der han stod:
"Ja, er der slike ti,
som eig den rette viljeglo
til sjøl å ofre eige blod,
skal byen sleppe fri.

Ti kjernefriske manneborn
i ein forderva by
er godt og grornæmt sædekonn,
gjev visse om ei framtidsonn
med gror og grøde ny.

Og derfor mine sveinar to
skal røyne kvar og ein,
om kraft dei eig, og kjerneto -,
så det av deira dåd kan gro
ein ætteåker rein."



3. Domen fullenda

Så sakte gjekk sola bak skyen
attom åsane ute i vest.
I dalen låg Sodoma-byen,
strålande, klædd til fest.

Då hørdest det steg på steinar.
Så opnast den eine port.
Ut kjem dei to Herrens sveinar,
og Lot og hans hus dreg bort.

Dei bed han om, ikkje å vende,
men berre i hast å fly,
og aldri sjå seg attende
til den dømde Sodoma by.

Men kvinna stogga på vegen,
- ho tvilte på Herrens svein.
Straks vart ho helheim-slegen,
og støyptest i salt og stein.

Då blikta det blått frå skyen.
I grunnen det skalv og mol.
Og den stolte og store byen
seig ut som eit ormebol.

Ja, Sodoma sokk og døydde -,
hadde vanhelga sjøl sitt hov.
Og slik vart dei alltid øydde,
som synda mot livsens lov.



Tideverv

Du vrir deg i smerterier
vårt Norge, du unge viv.
Mens natten så langsomt skrider,
du føder det nye liv.

Du er grånet av år og elde,
men enda så ung og yr
og fruktbar i all din velde!
Du føder når dagen gryr!

Du fødte kong Haralds tanke.
Du fødte en Olavs bønn.
Og Sverre, den høvding ranke,
var også din ekte sønn.

Nu sukker du redd, i pine -,
du stønner i angst og nød.
Jeg leser i blick og mine,
- du tror at det blir din død.

Men du dør ikke, unge kvinne!
Det hvasket meg nyss en røst.
Det evige livs gudinne
vil gi deg å bli forløst.

Vær tålsom om nu du lider!
Din stamme er ennu grønn!
I stormfulle smertenstider
du føder din lykkesønn!

Hvem er han? Jeg vet det ikke.
Men en gang blir han nok stor.
Nu vil vi vårt hus beskikke.
Han fødes av blod og jord!

(1941).

Kampsong

(Finland gått med i krigen 1941)



Det bliktar i bloddæmde skyer
høgt imot himlen i aust.
Eit ragnaroks rykande redsle,
det bryt mot Europa laust.
Med knytte og trugande nevar
kjem Asias ville her,
med krefter frå underverda,
- med tanks og maskingevær.

Stå fast, du nordmann, stå fast som fjell!
Ver tru imot Noreg til Dovre fell!
Stå fast på di vakt for vår fedrejord -,
no bløder vår tyske og finske bror!

Og fana dei løfter imot oss
ber stjerne og hamar og sigd.
Til fyrstens for hemnen og hatet
er dagen og duken vigd.
Men under den gyllne krossen
som kristmenn vi tek vår tørn,
og over sviv norrønaånda -,
den byrge, kong Sverres ørn!

Stå fast, du nordmann, fast som fjell!
Trugen mot Noreg til sjøl du fell.
Og dømd vert alle som trulaust for,
med svik imot Noreg og Noregs jord!

Stridande Noreg

Sæle er vi som får stride
for Noreg si framtidsvon!
Om lenge vi enn skal lide
og talmast i tvil og tjon.

Ja, sæle er vi som strider
for fridom og rett og fred!
Snart renn det vel nye tider -,
sæle, vi som er med!

Om illt det i hugen svider -,
sæl er kvar trugen svein.
Ja, lykkeleg kvar som strider
med våpnet og viljen rein!

Og er det enn tunge tider -,
bløder din kropp og di sjel -,
lykkeleg er du, som strider -,
heil vere deg, og sæl!

(1943)



Døyande Noreg (Russiske tropper i Finnmark 1944)

Vårt Noreg, du var oss så god ei mor!
Du vermde oss innved barmen.
Når uveret rasa på fjell og fjord,
då heldt du oss fast i armen.
Kvar einaste son har du kjærleg kysst,
med safter han saug or ditt fulle bryst.

Men no er han komen, din døyand' dag -,
no fer du den siste ferda.
D'er vande og verk i ditt andletsdrag,
og auga er vendt frå verda.
Ditt hjarte var varmt, og di sjel var stor.
Om litt er du kald, som di eiga jord.

Ein dag kjem ein vandrar, ein einsleg son,
som sakna den faste armen.
Ein gong har han soge si vokstervon
av kjærlege moderbarmen.
Kva vil han så finne? Ei vanvyrd grav -,
ei gråsteinrøys ved eit stormfullt hav.

Men er det då mogeleg? *Kan* du døy?
Ja, *må* ikkje livet vinne?
Enno kan du smile som fagre møy,
og elske som mor og kvinne.
Enno kan du tralle til liten son,
og gjeva han vårkveik og vokstervon.

Skal då di sol gå så tidleg ned?
Å nei! Det *må* ikkje hende!
Så kom! Lat oss stride -, og tru -, og be
at Gud vil din lagnad vende!
At *Han* vil la gry over vidd og vang
ein morgon for Noreg med barn på fang!

Gamle Norge

Gamle Norge, du var oss så inderlig kjær,
kun for deg har vi levet og lidt!
Ja, for deg har vi kjempet i solkorsets hær,
og for deg har vi strevet og stridt!

Våre unge, de fulgte din manende røst,
da du bød dem å ofre sitt alt!
Ja, de stred for din frihet ved fronten i øst,
hvor så mange har kjempet og falt.

- Men vi tapte mot pengenes djevelske makt,
og vårt Norge kom ikke i havn.
Og til sist ble da roret i hendene lagt
til de menn som har spottet ditt navn.

De har ledet oss før, og de ledet oss galt -,
inn i krigens forferdende gru.
De som sviktet, og rømte da riktig det gjaldt,
de forfølger og fengsler oss nu!

De har dømt oss og ribbet oss helt, vi må gå
som de rettløse treller på jord.
Men vi håper at sannhet og rett skal bestå -
på vår Gud og vårt Norge vi tror!

En gang våkner vel folket i bygd og i by
til å kjenne seg selv og sin tid.
Da skal solkorset vaje i Norge på ny -,
da er trelldommens tider forbi!

(1946. Mel. "Vikingebalken").



Utsnitt av plakater fra 1942

Jul i fangelægret (1945)

Det er hogtid og helg over by og bygd -,
og atter forkynnest orda.
På nytt stig klokkeklangen i frygd
for fridom og fred på jorda.
Atter syng vi om englar i skjul -,
vi helsar og helsast med: "Signa Jul!"

Men tankane vandrar, og auga med -,
dei moter eit piggrådstengsel.
Ein spor seg tvilande: Kva slag fred -,
fridom og fred - i fengsel?
Auga sokjer dit porten er -,
og moter ein mann med eit ladd gevær!

Du står og er rådløs -, til ingen ting.
Du gruvlar og grunar lenge.
Då svarar det kviskrande, rundt i kring:
For ordet kan ingen stenge!
Det finst ikkje gjerder for ånd og ord!
Og ordet er kome i kjot til jord!

Og ordet vart hengt på sin kross til sist,
og bortgoymt og gravlagt vart det.
Men endå lyder det, sterkt og friskt,
om fred til kvart mannehjarte.
- Då skin det ein strålende, solklår dag
frå han som sigra i nederlag.

Då vandrar ditt auga i ro og trygd,
heilt uredd for alt som tvingar.
Då lær du å gjerder, med hender bygd,
og smiler åt ritleringar.
For den har aldri i striden tapt,
som kjempa ved ånd, ifrå æva skapt.



Natt i fangelægret (1946)

I fangelægret er det kyrrt og stilt.
Ei einsleg vakt eg høyrer er på ferde.
I vinternatta lyser, bleikt og mildt,
ein rad av lamper på eit piggrådgjerde.

I brakka søv dei roleg alle mann.
Eg høyrer mest mitt eige hjarte bankar.
Då kjem det stormande, fra over hav og land
ei oskerei av hundre tusen tankar.

Dei kjem som ugjort gjerning, usagt ord -,
som svarte kryp med uhug og med fælkska.
Dei kjem som tonar frå ei tid som for -,
som roser -, og som kvinner eg har elska.

Dei yrer fram frå djupet av mi sjel.
Dei held meg fast og stiller meg for domen:
Sei, var det du som trødde under hæl
den vene, veike, vårdagsskire blomen?

Dei gjev meg harde hogg og slag og sting.
Dei spør meg kvi eg hamna bak eit gjerde?
Ver stille born! Eg angrar ingen ting!
No er eg eigarmann av store verde!


Den mjuke, milde natta er mitt viv.
Ho ser på meg med stjerneaugo klåre.
Og tankefuglar -, frukter av mitt liv -,
de er i sanning alle borna våre!

Julehelsing

(Til kona i Bredtveit kvinnefengsel 1947)

No er det atter jul på mørke jord,
og kyrjeklokker kimer langt og kallar.
Og englar lyser fred og glede stor
for manneborn i hytter og i hallar.

For no er fodd i kjøt eit løysingsord
som ikkje kjenner fangedom og fengsel.
Rop derfor ut til alle folk på jord:
Ved ånd og ord skal brotne kvart eit stengsel!



Bjork i frost

Nakne, sprikjande, frosne greiner,
og grå-voren, skrukkut næver.
Luter seg unda austavinden,
ned mot den stridlyndte eineren,
som rann av den same jord,
men som no er gått under
i iskald, drepane, einslaga
propaganda,
som den illsinnte austavinden
hjelpste bjorka å skaka av.

Frimann og træl

Av gamle-læraren høyrde vi
om Erling, som gav sine træler fri -,
om lover, med forbod for kvar og ein,
mot atter å trælbinde møy og svein.

Han sa det var godkjend i by og grend:
D'er brotsverk å kjøpe og selje menn!
Han sa det var stadfest av landsens rett,
til ære for Erling Skjalgsons ætt.

- Men gamlelæraren døydde, han,
og ættene skifte med'tida rann.
Snart alle vart sessa ved frimanns bord -,
og træleslekta vart sterk og stor!

Om trælen vart frimann med frimanns rett,
ho syner seg enno, den træleætt.
Han vart ikkje frimann med frimanns *sjel*,
nei, evig og alltid han er ein træl.

Han strøyer ikring seg med fagre ord -,
lånte frå prestars og bladmenns bord!
Han kjempar stødt der han voner *vinst* -,
å fikte for *sanninga* monar minst!

Så vart då trælen ein gasta kar,
og rådde som herse på Erlings gard.
Men ånda var ikkje Erling si:
Han gav ikkje *sine* trælar fri!

Og alle må trippe i træledans,
for *folkeviljen* er alltid hans!
Det fleirtalet meiner, er alltid rett!
- Tviler du, er du av frimanns-ætt.

8. Mai

(Til bladet "8. mai" 1949)

Det kvitna av symre, det grønka av gror,
det susa og song i skogen.
Det anga og eima av råmen jord
der eg rusla bak hesten og plogen.


Slik hadde eg gått der år etter år -,
eg måtte då syne meg trugen!
Eg pløgde og sådde vår etter vår -,
og stundom eg også la ut ei for
i bivrande folkehugen.

Då såg eg at flagga til topps vart heist -,
dei blakra og small i brisen.
Var Noreg sin fridom no atter-reist -?
Og tina no hjarte-isen?

Men blodraude skyer steig opp i aust -,
dei tvinga inn på meg tvilen.
Om våren var fager og rik og raust -,
skulde den våren bli Noregs haust?
Då storkna den glade smilen.

Då kom det ein båt. Han steimnde mot strand.
Han og forde flagg på hekken.
Så kom dei og sa: Du er lyst i bann -,
trulause Tore, du sveik ditt land,
vi fengslar deg radt, på flekken.

("Retts-staten atter-reist" sto i tittelvignetten
til "8. mai").



Far vel då, jord og viv og born!
Vårherre får dykk vare.
Eg sveik, då glad eg sådde korn -,
for det eg må no svare.

Vi braut opp jord, vi avla mat -,
det var då det vi plikta!
Men bisp og bagler sådde *hat* -,
og banna oss -, som *svikta*!!

Og det var det som grodde best
i blinde folkemugen.
No duvar det i ver frå vest,
det såd dei strøydde, bisp og prest,
- og kjøver samlingshugen.

Og no har dei herja i fire år,
og mange er skadeskotne.
Men åttande mai kom att kvar vår,
med skvalande bårer og himmel klår -
og voner, som stødt vart brotne.

Men no er han komen med flagget heist
det gamle, gode og kjære.
Og no krev han *retts-staten atter-reist*,
og vern om Noregs ære.

Og flagget, det held han høgt på stong.
Og vonene veks seg sterke:
At ein gong vi atter syng *Noregs* song,
at sælt vi skal samlast enn ein gong
om kristmenns og krossmenns merke!

Attersyn

Somme var gamle, andre var unge -,
men alle var born etter same mor!
Alle tala med nordisk tunge,
alle var runnen av Noregs jord!
Og derfor var det at hugen vår brende,
då Noreg sin lagnad ein vårmorgon vende -,
då flya gjekk nord med brak og med dunder,
då "Norge" og "Eidsvold" ved Narvik sokk ned,
- og *ånda* frå Eidsvoll for alvår gjekk under,
- broten var Noregs fridom og fred!

Ja, Noreg sin fred og fridom var broten,
men folket sin vilje var vinglande roten!
Dei meinte leia var framleis den rette -,
at *andre* skulde ha skylda for dette.
Vi meinte grunnen var *galen kos*,
og såg oss om etter ein *betre los*!
Dei stod og speia mot hav, og såg
dit mannen med gullsekken hadde drege.
Vi meinte landet vårt endå låg
der det i tusenår hadde lege.


Så stod vi då saman i åra dei vande,
då stridsmenn frå sør hadde hersett landet.
Men norrønegreina av Odins ætt
åtte då Noreg med odelsrett?
Fridomen måtte frå grunnen byggjast,
tufta på orden, rettferd og fred!
Europas grenser mot aust måtte tryggjast!
"Tvikløyvingstrollet" sku' søkkjast ned!
Samlast vi skulde frå fjell til fjære,
for atter å reise vårt Noregs ære.

Omsider stiltest då helheims-stormen.
I auster stod Ulven med blodraudt gap.
Vest ut i havet låg Midgardsormen.
Begge to ropa på hemn og drap!
Og no, som så ofte i gamal tid,
stod *bispen* mannen med gullsekken bi!
Kløyvingskreftene vart oss for sterke,
dei skjemde vår ære og sulka vårt merke.
Hovdingen falt som ein frægdamann.
Andre vart fengsla og lyst i bann.

Så står vi vel angrande, skjemd og slegen?
Ja, slik kjem somme og spør!
Å nei! Vi vandra då same vegen
som Hauge og Lofthus har vandra før!
Slik gjekk det så ofte med pioneren -,
han kjempa for riket, men kom ikkje inn.
Ved grensa møtte han barrieren
av angst og illskap i mennesinn!

Men etter kjem andre av Odins ætt -,
stridsmenn for fridom og fred og rett!

(Kring 1955. Litt retta i 1975)



Hvem var han?
(40 år etter Vidkun Quislings død)

Det synger i fjell og lier,
det nynner i skogenes sus.
Det hvisker langs vei og stier -,
det spøker på Akershus!

Et skudd bak de gamle murer -,
et sukk og et mannefall
gir gjenlyd i berg og urer,
ja, helt inn i tingets hall.

Et stønn av en trykket smerte,
en klage i viddens vind,
en ulmende ild i hjertet -,
et spørsmål i norske sinn!

Et spørsmål som svir og smerter
vil fødes i form og ord:
Det brenner i norske hjerter:
Hvem var han, som kom og for?

Ja, hvem var mannen vi dømte
og lenket til skammens pel?
Var *han* det vi alle drømte -,
sønnen av Norges sjel?

